

## **Pressemelding: EOS-utvalets årsmelding for 2020**

*EOS-utvalet er oppnemnt av Stortinget for å føre kontroll med etterretnings-, overvåkings- og tryggingsteneste som blir utøvd av eller på vegner av offentlege styresmakter. Utvalet arbeider uavhengig av Stortinget og leverer kvart år ei ugradert melding til Stortinget om si verksemd i året som har gått. I tillegg kan utvalet levere ugraderte særskilde meldingar ved behov.*

### **Politiets tryggingsteneste (PST):**

Utvalet har kritisert PST i ei sak som gjeld utveksling av informasjon om ein norsk borgar til ei teneste i eit land der det er risiko for at menneskerettane ikkje blir respekterte. I ein gjennomgang av korleis PST utvekslar informasjon med utanlandske tenester såg utvalet på informasjonsutveksling om ein nordmann som sat fengsla i utlandet. Utvalet uttalte at PST hadde gjort ei mangelfull vurdering av risikoen ved å utlevere opplysningar om vedkommande til PSTs samarbeidspartnar i det aktuelle landet.

### **Etterretningstenesta:**

Utvalet har fullstendig innsynsrett i løpande saker i alle EOS-tenester med eitt unntak – saker som blir definerte som særleg sensitiv informasjon hos Etterretningstenesta. I 2019 og 2020 har vi gått gjennom 19 saker/operasjonar frå fleire år tilbake i tid som ikkje lenger er definerte som særleg sensitiv informasjon. Utvalet har ved gjennomgangen ikkje funne teikn på at Etterretningstenesta har gått ut over sine fullmakter eller at nokon har fått rettane sine krenka.

### **Nasjonalt tryggingorgan (NSM) og Forsvarets Tryggingssavdeling (FSA):**

- I ei klagesak har utvalet konkludert med at ein klagar fekk rettane sine krenka då NSM på feil grunnlag gjorde om ei klareringsavgjerd frå KONFIDENSIELT til inga klarering.
- Både FSA og NSM fekk kritikk frå utvalet i ei klagesak for sær lang saksbehandlingstid. Det gjekk meir enn fire år frå klareringsprosessen starta til NSM fatta si endelege avgjerd om nekting av tryggingssklarering.
- Både NSM og FSA fekk kritikk i ei klagesak som gjaldt innsyn i klareringssak. Klagaren blei nekta innsyn i faktiske opplysningar som var skrivne ned i eit internt dokument. Klagaren blei i tillegg pålagd teieplikt under straffansvar for opplysningar vedkommande sjølv hadde levert til klareringsorganet.

Årsmeldinga for 2020 er vedlagt og kan også lesast på [www.eos-utvalget.no](http://www.eos-utvalget.no)

EOS-utvalet markerer i desse dagar 25-årsjubileet for uavhengig parlamentarisk kontroll med EOS-teneste ved å gi ut ein jubileumspamflett som no er publisert på våre nettsider.

*Journalistar som ønsker video-/telefon-intervju med utvalsleiar Svein Grønnern kan kontakte informasjonsrådgivar Arild Færaas på telefon: 951 54 991.*